

# 200 dagar igjen til valet!



SV

# 200 dagar igjen til valet

Om berre 200 dagar blir det avgjort kva politikk som skal førast i Noreg dei neste fire åra. Berre med eit sterkt SV kan vi sikre ein politikk for mindre skilnader, styrking av velferda og kamp for miljøet.

Visste du:

- **At tala på barn som lever i vedvarande fattigdom går ned?** Det er fordi SV har sikra ein auke i barnetrygda på 11 000 kr i året for barn over 6 år sidan stortingsvalet i 2021. PS: Det svarer til ein auke på 87 %.
- **At fleire barn no få vere med på leiken i SFO/AKS?** Sidan 2021 har SV rulla ut gratis halvdagsplass for barn på 1-3. trinn.
- **At ei tannhelsereform er på veg?** Sidan 2021 har SV sørgt for at 550 000 unge vaksne har fått billigare tannhelsetenester. No skal vi rulle ut reforma vidare, slik det ikkje skal koste meir å gå til tannlegen enn til legen for heile befolkninga!
- **At det var SV som stoppa gruvedrift på havbotnen?**

**Kampen for mindre skilnader og betre miljøpolitikk held fram! Dei neste 200 dagane vi SV mellom anna jobbe for å:**

- byggje fleire bustader og sikre betre rettar for leigetakarar
- gi fleire grupper billigare tannhelsetenester
- betre bemanning i barnehagane våre
- innføre ei samtykkelov
- skape meir grøn industripolitikk i heile landet

Er du også oppteke av ei skikkeleg tannhelsereform som skal gjelde alle? At det er nok folk på jobb for å passe på barna våre? At vi tek ordentlege grep for å ta vare på naturen og miljøet? Bli medlem på [sv.no/bli-medlem](https://sv.no/bli-medlem)!

**Sosialistisk Venstreparti**  
Møllergata 4, 0179 Oslo  
21 93 33 00  
[post@sv.no](mailto:post@sv.no)  
[sv.no](https://sv.no)

**Gi ei gåve  
til SV!**

